

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Førde HF
DATO: 06.12.2022
SAKSHANDSAMAR: Vidar Vie
SAKA GJELD: **Årleg melding 2022 for Helse Førde HF**
ARKIVSAK: 2022/3373

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
16.12.2022

STYRESAK:
077/2022

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret godkjenner årleg melding 2022 for Helse Førde HF med dei merknader som er gjevne i møtet.

Oppsummering

Helse Førde leverer jamt over godt på oppdraga som er gitt i styringsdokumentet, sjølv om vi ikkje klarer å nå måla for alle kvalitetsindikatorane. Den økonomiske situasjonen, og rekruttering innanfor nokre område, er krevjande.

Fakta

Årleg melding er ein rapport som viser korleis Helse Førde HF har følgd opp dei ulike punkta i styringsdokumentet frå Helse Vest RHF. Innhaldet tek føre seg dei helsefaglege, økonomiske og organisatoriske styringskrava.

I april 2022 gjekk Helse Førde ut av ein langvarig beredskapssituasjon. Etterverknadene av pandemien har i noko grad påverka føretaket også dette året. Eit høgt tal fristbrot og lengre ventetider enn før pandemien, har også si årsak i mangel på sentrale behandlingsressursar. Rekruttering er ei utfordring som gjer seg gjeldande innan fleire område knytt til pasientbehandling. Sjølv om føretaket arbeider målretta med kompetanse og rekruttering, i samarbeid med utdanningsinstitusjonar og dei andre føretaka i vest, så er det venta at utfordringane vil auke framover.

Året har også vore prega av høvesvis store økonomiske avvik i høve til budsjett. Som i samfunnet elles, og i andre helseføretak, er Helse Førde råka av aukande inflasjon og økonomiske utfordringar. Det har alt fått konsekvensar for investeringstakten, og vil også påverke investeringar og drift i året som kjem.

2022, som dei seinaste åra, ha vore prega av stor byggeaktivitet. LIVA-bygget skal stå klar hausten 2024. I store delar av somatikken er det no i gang organisasjonsutviklingsprosjekt for å sikre at Helse Førde kan ta i bruk bygget på best mogeleg måte. Dei neste byggestega (Svana 2 og 3) vart i haust utsette grunna redusert investeringsevne framover.

Innanfor kvalitetsindikatorar som helsetenesteassosierte infeksjonar, diabetesbehandling og psykisk helsevern for vaksne leverer føretaket godt. Det same gjeld på svært mange av dei andre oppdraga i styringsdokumentet. Mellom anna er forskning og innovasjon styrka, helsefellesskapet er etablert og det er arbeidd målretta med heimesjukehus for born og unge.

Kommentarar

Etter to år med nesten samanhengande beredskapssituasjon grunna pandemi, var det å håpe at 2022 skulle bli eit tilnærma «normalår». Men på fleire område er situasjonen framleis krevjande. Særskilt har det vore vanskeleg å redusere tal fristbrot og å korte ventetidene til ønskjeleg nivå. Det har også vorte stadig tydelegare utover året at den økonomiske situasjonen vil prege oss i åra framover.

Administrerande direktør vil peike på rekruttering og økonomisk balanse som to hovudområde det må fokuserast på framover. Behandlingsressursar vil sikre at vi kan hjelpe dei prioriterte

pasientgruppene. Økonomisk balanse vil sikre nødvendig drift og investeringar for å nå måla vi er sette til å nå. Det blir jobba godt på begge område, men vi har uløyste utfordringar føre oss.

Trass i utfordringar blir det lagt ned eit imponerande arbeid av organisasjonen. Først og fremst gjennom den daglege drifta som sikrar at pasientane våre får den behandlinga dei skal ha. Men også gjennom eit hektisk utviklingsarbeid. Både for å handtere nye oppgåver som blir tildelt gjennom styringsdokumentet, og for å gjere organisasjonen klar til å ta i bruk nybygget LIVA som skal stå klar til bruk hausten 2024.

Konklusjon

Årleg melding 2022 for Helse Førde HF gjev eit godt bilete av status i helseføretaket.

Vedlegg: Årleg melding 2022 for Helse Førde HF